

Amerikanorsken er ikkje død - enno

NYNORSK PRESSEKONTOR 17.07.2014 09:20 - Artikkeltype: Profiler og intervjuer

Les også

(NPK- Ingrid Eidsheim Daae): I Midtvesten finst det framleis norskamerikanarar som snakkar ein særeigen norsk dialekt. Men dei er gamle, og dei vert stadig færre.

[Amerikanorsken er ikkje død enno](#)

Dagen - 22.07.2014

[Hjelp the amerikanorsk](#)

Nationen - 21.07.2014

[Amerikanorsken lever](#)

Nynorsk Pressekontor - 11.07.2014

- No hastar det, for no døyr dei, seier Janne Bondi Johannessen, professor i lingvistikk ved Universitetet i Oslo.

[Vis flere](#)

Sidan 2010 har ho og kollegaene hennar forska på den såkalla amerikanorsken. Gjennom reiser til Midtvesten og intervju med kring 200 norskætta amerikanarar har dei oppdaga at det er meir att av det norske språket i USA enn dei hadde trudd.

Som resultat av den store utvandringbølga på 1800-talet og tidleg på 1900-talet, oppstod samfunn på den andre sida av Atlanterhavet som var heilt norske eller hadde eit fleirtal av nordmenn. På skulane var det norsk som var talespråket og dansk-norsk som var skriftspråket.

Etter kvart skjedde det likevel ein amerikaniseringsprosess, samstundes som folk flytta meir. Dermed vart det lengre mellom dei norske samfunna, og grunnlaget for norske skular forsvann. Likevel var norsk stadig språket mange lærte heime.

- Veldig få av dei me har snakka med, som gjerne er i alderen 70 til 90 år, har gått på norsk skule. Ein del har fortalt oss at dei gret på første skuledagen fordi dei måtte snakka engelsk og ikkje forstod det som vart sagt til dei. Det kan absolutt samanliknast med det samane opplevde her i Noreg, seier Bondi Johannessen.

Dalstroka dominerer

Ho skildrar amerikanorsken som «det norskaste norske». Han er ikkje påverka av bokmål, men heller av dialektane frå dei austnorske dalstroka. Dette er felles for amerikanorsken i heile Midtvesten, uavhengig av kvar i Noreg talaren har sine aner.

- Det er ikkje så godt å seia kvifor det har vorte slik. Kanskje det har noko med tidspunkta for utvandringa å gjera, spekulerer Bondi Johannessen. Utvandrarane frå dalane i aust var nemleg nokre av dei siste som reiste.

Dei første utvandrarane reiste frå Rogaland så tidleg som i 1825, og dialektane herifrå finn ein ikkje spor etter i dag. Sognedialekten har òg forsvunne, og det meiner Bondi Johannessen har ei anna forklaring.

- Sognedialekt var vanskeleg for dei andre nordmennene å forstå. Så sogningane budde for seg sjølve, det var jo ikkje så moro å vera saman med folk som ikkje skjønna kva dei sa. Om dei til dømes gifta seg med andre norskamerikanarar la dei gjerne om til den meir austnorske dialekten, og dermed overlevde ikkje sognedialekten så lenge.

Gjennom åra har amerikanorsken, til liks med norsken me snakkar her heime, teke opp i seg lånord frå engelsk.

- Mange av lånorda dei brukar er dei same som me brukar her i Noreg, som til dømes traktor. I tillegg har dei bytt ut ein del andre ord, til dømes seier dei i staden for det norske ordet , seier språkforskaren.

Nokre av dei norske orda har med tida og fått ein meir engelsk-klingande uttale. Dermed kan «Eg djobba på råd» bli svaret til ein gammal vegarbeidar på spørsmålet om kva han gjorde som yrkesaktiv.

Ikkje uroleg norsk-norsken

Forskinga har vist at dei grammatiske strukturane i talespråket er svært stabile og slitesterke. Norskamerikanarar skil klårt mellom norsk og engelsk grammatikk og konstruerer norske setningar med norsk ordstilling.

Kva så med det norske språket si stilling her heime? Me høyrer stadig at det er truga fordi me er så påverka av engelsk. Me på Facebook, og gjerne venene våre i parken ein solskinsdag.

- Eg er ikkje uroleg norsk i Noreg. Lånorda me adopterer er ofte enkle å plassera i ei norsk grammatisk ramme, forklærer Bondi Johannessen.

Forskningsprosjektet hennar har vakse mykje sidan starten i 2010. Språkforskarar frå andre europeiske land har vorte med for å undersøkje korleis til dømes tysk og islandsk har utvikla seg mellom etterkommarane til utvandrarar frå desse landa.

- Danskane har vore meir uheldige. Alle dansk-amerikanarane som kunne dansk er allereie døde, fortel ho.

Og no hastar det, også med kartlegginga av amerikanorsken. Dei yngre generasjonane av norskamerikanarar har nemleg ikkje lært språket.

Treng morsmålet

- Det at dei eldre hadde det så vanskeleg i barndomen kan vera ei årsak til at dei ikkje har lært amerikanorsk vidare til etterkommarane sine. Dei ville rett og slett ikkje utsetja borna for det dei sjølve hadde opplevd, seier Bondi Johannessen.

Etterkommarane på si side er ofte leie for at dei ikkje har fått læra norsk. Dei kjenner at språk-tapet svekkjer banda både mellom generasjonane, og til slektningar i Noreg.

Dette meiner ho er viktig å ha i tankane når me diskuterer minoritetskulturar her heime.

- Somme er engstelege for at innvandrarar som kjem til Noreg skal halda fram med å bruka sitt eige språk. Det er klart at dei bør læra seg norsk om dei skal bu i Noreg, men det er ingen grunn til at dei ikkje skal halda på morsmålet sitt òg. Det er viktig for alle å vera omgjevne av eit språk som er fullstendig og rikt på omgrep, slik morsmålet er. Slik får ein utvikla tankeevna. Alle har evne til å læra fleire språk medan dei er born.(©NPK)

Bildetekst:

- MANGE MØTE: Språkforskar Janne Bondi Johannessen og kollegaene hennar har intervjuet kring 200 norskamerikanarar på amerikanorsk. FOTO: Universitetet i Oslo
TRADISJONAR: Mange norskamerikanarar er opptekne av å ta vare på norsk språk og kultur. FOTO: Janne Bondi Johannessen
Janne Bondi Johannessen. FOTO: Universitetet i Oslo
MANGE MØTE: Språkforskar Janne Bondi Johannessen og kollegaene hennar har intervjuet kring 200 norskamerikanarar på amerikanorsk. FOTO: Universitetet i Oslo

© Nynorsk Pressekontor